



Leiar i Kvinnherad Senterparti Elin Legland

– Senterpartiet vil ikkje gjera noko med skulestrukturen i Kvinnherad i neste kommunestyreperiode. Det seier partileiar Elin Legland etter årsmøtet tysdag.

Utan sterke føringar frå foreldra, har Sp no lagt skulesaka død.

– Vi er meir opptekne av innhaldet i skulen enn kor mange skular vi har, seier Legland.

Kvinnherad Senterparti hadde årsmøte i Rosendal tysdag, der dei frammøtte like mykje såg framover som

bakover. Strategien framfor neste kommuneval var eit tema i så måte, like eins skulesaka.

– Skule er framleis ei viktig sak for partiet, seier Elin Legland til HusnesNett.

I dette ligg også at vi ikkje vil gjera noko med den strukturen vi har no i komande periode (2011 – 2015). Viss Senterpartiet skal ta opp igjen den saka, må det koma sterke føringar frå foreldra.

Innhaldet i skulen, og tilhøva for elevar og lærarar er langt viktigare enn kor mange skulebygg vi har, seier Legland.

– Så de gjer heilomvending i høve til kva partiet har stått for i denne perioden?

– Det er ikkje heilt rett å seia det slik. I programmet ved valet i 2007 gjekk vi inn for å vurdere skulestrukturen, og det har vi gjort, noko eg er glad for.

– Kven satsar de på i toppen av listaneste gong?

– Det kan eg ikkje seia noko om i dag, etter som nominasjonsnemnda skal ha sitt første møte i neste veke. Men det bliri alle fall spennande framover, og Senterpartiet vil sjølvstilla stilla med personar som kan vera med og kjempa om ordførarvervet.

På årsmøtet denne veka orienterte Knut Prestnes og Gunnar Våge om samarbeidet i fleirtalskoalisjonen i denne perioden. Det går fram av årsmeldinga at det stort sett har gått greitt, men ikontroversielle saker har det vore utfordrande. Skulesaka og skjenkjesaka blir trekt fram som døme her.

Elin Legland stod ikkje på val i år. Det gjorde heller ikkje Kjetil Mehl (studieleiar), Leiv Guddal (sekretær) og Are Tråvik (styremedlem).

Som ny nestleiar vart Nils Magne Kloster valt, medan Tore Bondhus vart ny kasserar, begge for to år.

Knut Prestnes skal leia valkampen for Senterpartiet til neste år.

Av Kristian Hus